



Elins Matgleder på Feet nærmar seg opning og den siste innspurten med attestar er igang. Geir og Elin Enes ber om at kommunen slutthandsamar søknad om ferdigattest så snart Statens vegvesen har uttala seg.

Dei har no svara på brev frå kommunen om dokumentasjon og mellom anna slege fas at utvendig utsleppsinstallasjon er bygd forskriftsmessig og etter retningslinjene i byggjeløyvet.

* Vilkåra frå arbeidstilsynet er innfridd. Mellom anna er det innreia reiskapsrom tilpassa planlagt reinhaldsmetode. Romhøgda i arbeidsromma er auka til 250 centimeter, som er vurdert som akseptabel for den drift som skal gå føre seg der.

* Avkøyrsla er ferdig og bygd etter retningslinjene gjeve av vegvesenet.

* Alle rom som skal nyttast av tilsette eller kundar er utforma med trinnfri adkomst og breie dører og stettar krava til universell utforming. Parkeringsplass er på same nivå som golvet i butikk og kjøken.

Av Ola Matti Mathisen